Stranda kommune

Byggefelt Berget 2

- Veg, vatn- og avløpsanlegg

Vedlegg 4a – SHA-plan

Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø



UTARBEIDING OG GODKJENNING AV SHA-PLAN

Prosjekt/kontrakt:	**Byggefelt Berget 2 – Veg, vatn- og avløpsanlegg**
Utarbeidd av:	Ha-plan AS v/ Hallgeir Wuttudal
Dato:	12.08.2026
Godkjent av:	Stranda kommune, Næring og teknisk Olger Teigen, prosjektleiar
Signatur:	

DISTRIBUSJON OG AJOURFØRING AV SHA-PLAN

Byggherren har ansvar for ajourføring, komplettering og distribusjon av SHA-plan. Alle involverte partar har plikt til å melde frå om tilhøve som ikkje er i samsvar med planen. Eller som bør handsamast og takast inn i planen.

Distribusjonsliste	
Namn:	**Firma/kontor/seksjon m.v.**
Olger Teigen	Stranda kommune, Næring og teknisk
x,x	Entreprenør
Hallgeir Wuttudal	Ha-Plan AS

Ajourføring:			
Dato:	**Beskrivelse av endring**	**Utarbeidd av:**	**Godkjent av:**

INNHALD:

1 Innleiing 3

2 Organisering 4

3 Framdriftsplan 6

4 Risikovurderingar og spesifikke tiltak 6

5 Rutiner for avvikshandtering 8

6 Vedlegg 8

1 Innleiing

Kort om prosjektet.
Prosjektet gjeld etablering av tekniske anlegg for 2. byggesteg av bustadfelt Berget i Geiranger.
Første byggesteg av byggefelt Berget inkl. bru over Marokelva og etablering av tomt for brann- og redningsstasjon vart utført i 2022.
Denne utbygginga gjeld etablering av tekniske anlegg for 8 einebustadtomter og 2 område for konsentrert bebyggelse.
Planen omfattar også ein ferdig opparbeidd leikeplass.

Mål.
Byggherrestrategien set krav til at HMS blir sett høgare enn kvalitet, framdrift og økonomi. Stranda kommune har som arbeidsgjevar og byggherre det målet at all verksemd i deira regi skal gjennomførast utan at menneske, materiell og miljø blir påført skade. For denne kontrakta er det sett følgjande mål:

- H1-verdi (Fråversskadefrekvens): 0
- H2-verdi (Personskadefrekvens): 0
- F-verdi (Fråversfrekvens): 0
- N-verdi (Nestenulukkefrekvens): <2000

Grunngjeving dersom H- eller F-verdi blir sett ulik 0:
……

Andre prosjektmål.
- At byggherre og verneombud deltek på vernerunder.
- Sikker trafikkavvikling.

Andre prosjektmål blir definert saman med entreprenør i samhandlingsfasen.

2 Organisering

Byggherre og byggherren sin representant.
Stranda kommune. Næring og teknisk.
Byggherren sin representant i dette prosjektet er Olger Teigen.

Prosjekteigar: Stranda kommune. Næring og teknisk.
Prosjektleiar: Olger Teigen
Koordinator utførande: x.x
Byggeleiar: Olger Teigen

Hovudbedrift med samordningsansvar, (valgt entreprenør).

Prosjektleiar: x.x
Leiar med samordningsansvar: x.x
Anleggsleiar: x.x
Anleggs HMS/KS leiar: x.x
Underentreprenørar: Asfalt: Valgt firma Røyrleverandør: xx
Andre interessentar: Påvising el-kablar: Linja AS Påvising av telekablar og fiber: Geomatikk AS.

Organisasjonskart:



3 Framdriftsplan

Byggherren sin framdriftsplan
For dette prosjektet er det utarbeidd følgjande tidsplan:
Prosjektering: Juni 2025 – august 2026.
Tilbodsinnhenting: August 2026 – oktober 2026.
Anleggsperiode: Oktober 2026 – Juni 2027.

Byggherren sine vurderingskriterier for fastsetting av byggetid/arbeid på kontrakta
Det er ønskeleg å kunne starte på utbygginga av området for konsentrert busetnad så snart råd. Veg 1 må derfor vere opparbeidd med anleggsvegstandard innan 1. mars 2027, og vere tilgjengeleg for anleggstrafikk til bustadområda BKS2 og BKS3.

Entreprenøren sin framdriftsplan
Framdriftsplanen blir tilpassa kontraktfesta byggefristar.

4 Risikovurderingar og spesifikke tiltak

AKTIVITET/ FAREKJELDE	UØNSKA HENDING/ FARE	SPESIFIKKE RISIKOREDUSERANDE TILTAK	ANSVAR
Generell ferdsel og arbeid på anleggsområdet	Skade på personell	Bruk av verneutstyr. Hjelm, synlegheitsklede og vernesko skal alltid nyttast. Ved behov skal det nyttast vernebriller, høyrselvern, maske og gassmålar.	Entreprenør og byggherre
Legging av røyr ved anleggsområdet	Røyr kan dette ned i grøft og medføre personskade.	Røyr skal ikkje lagrast ved anleggsområdet/ grøftekant.	Entreprenør
Arbeid nær straumførande kablar og elektriske installasjonar.	Avgraving av kablar, straumgjennomgang.	Alle kablar skal vere påvist før arbeidet startar. Vurdere sikring av master i lag med netteigar. Dialog med netteigar, utkopling eller sikring av kablar der dette er hensiktsmessig.	Entreprenør
Arbeid på stader med passerande trafikk	Skader på 3. person	Bruk av skilt og sperrematériell iht. plan. God belysning ved anleggstrafikk. God informasjon til bebuarar og turgåarar i området. Bruk av hjelpemann ved rygging. Bruk av synligheitsklede.	Entreprenør

Arbeid der arbeidstakar kan utsettast for ras eller synke i gjørme.	Skade på personell.	Ikkje gå ned i grøft utan godkjend rømingsveg. I grøft djupare enn 1 m skal det etablerast rømingsvegar. Bruk grøftekasse ved grøft djupare enn 3 meter. Ved graving av grøft djupare enn 2 m skal det utarbeidast grøfteplan. Gravemasser skal plasserast minst 1 m frå grøftekant.	Entreprenør
Arbeid som inneber bruk av sprengstoff.	Skade etter rystelser og sprut.	Utarbeide spesifikk risikovurdering av sprengningsarbeid. Tildekking med skytematter og sikkerheitssone. Arbeid skal berre utførast av sertifisert personell. Dokumentere tilstand før oppstart og eventuelt plassere rystelsemålarpå utsatte konstruksjonar.	Entreprenør
Arbeid som inneber skader ved fall eller fallande gjenstander (trefelling og grøftearbeid)	Skade på personell	Grøft må sikrast slik at personar eller arbeidsutstyr/ køyretøy ikkje ramlar nedi. Arbeid skal berre utførast av sertifisert personell. Sikkerheitssone må etablerast ved felling av tre. Ingen skal opphalde seg under hengande last.	Entreprenør
Arbeid med montering eller demontering av tunge element.	Skade på personell.	Stropper til bruk ved nedheising av kummar, brudelar o.l. skal sjekkast før bruk og vere sertifisert. Tunge element skal ikkje heisast ned i grøft eller anna plassering ved sterk vind. Personar skal ikkje opphalde seg under last som blir seinka ned i grøft o.l.	Entreprenør
Arbeid som inneber fare for drukning ved flomstor elv.	Skade på personell.	Rutine for stans av arbeidet på grunn av høg vassføring. Etablere god tilkomst til elveområdet og aktuelle evakueringspunkt. Tilgjengeleg stige og tau. Bruk av redningsvest. Aldri jobbe åleine.	Entreprenør.
Arbeid som inneber helseskadeleg eksponering for støv, støy, gass eller vibrasjonar.	Helseskadar på personell.	Personleg verneutstyr (hjelm, maske, hørselvern m.v.) skal nyttast. Støyande arbeid skal planleggast for å redusere varigheita på denne typen arbeid. Bruk vibrasjonsdempa utstyr.	Entreprenør

Arbeid som utset arbeidstakar for kjemiske eller biologiske stoffer, herunder covid 19.	Helseskader på personell.	Bruk av eigna verneutstyr. Fokus på smittevern, god handhygiene. Følge nøye med på FHI sine råd.	Entreprenør
Arbeid som inneber brann- og eksplosjonsfare.	Skade på personell.	Slukkeapparat skal vere tilgjengeleg ved varme arbeider.	Entreprenør
Arbeid som inneber fare for helseskadelege ergonomiske belastningar.	Helseskader på personell.	Hyppig skifte av arbeidsstilling. Bytte på arbeid som inneber ergonomiske belastningar. Bruke maskiner til løft av tunge gjenstandar.	Entreprenør
Arbeid med graving/ rensk.	Maskinvelt	Adkomstvegar og arbeidsprosedyrar må tilpassast terrenget. Hensiktsmessige maskinar for arbeidet må velgast.	Entreprenør
Arbeid med pigging av fjell.	Skade på personell	Personell skal ikkje opphalde seg i grøfta under pigging.	Entreprenør
Arbeid med trykkprøving av leidning, fare for brot ved trykkprøving av leidning.	Skade på personell	Ingen skal opphalde seg i kum under trykkprøving av vassleidningar. Halde avstand til leidning som blir trykktesta.	Entreprenør

5 Rutiner for avvikshandtering

Endringar kan vedtakast i byggemøter eller andre møter som er relatert til kontrakta. Endringar må referatførast og oppdatere «Ajourføring» på side 2 i denne planen.
Følgjande endringar medfører oppdatering i SHA-plan:
- Endringar i byggherren eller entreprenøren sin organisasjon.
- Endringar i framdriftsplanen som har betydning for tryggleiken.
- Nye tilhøve som krev spesielle tiltak.

Entreprenøren sine plikter

Representant frå hovudentreprenør/sideentreprenør skal straks melde til byggherren når det blir avdekt eller oppstår endringar i høve til organisasjon, framdrift og når det oppstår nye tilhøve som krev spesielle tiltak. I avviksmeldinga skal det leggast fram for byggherren forslag til løysingar som bidreg til å lukke avviket-/a.

Byggherren sine plikter

Byggherren skal vurdere endringsforslaga og eventuelt drøfte forslag til løysingar før avgjerd om tiltak blir teke.
Byggherren skal fortløpande oppdatere SHA-planen når det oppstår endringar i planforutsetningane som har betydning for arbeidstakarane sitt liv og helse.
Entreprenøren skal straks orientere tilsette og underentreprenørar om endringar og oppdateringar av SHA-planen.

6 Vedlegg

1. Varslingsplan.

2. Underentreprenørar/ innleige.